

# Eksempel på framtidfullmakt

Nedanfor ser du eit eksempel på korleis ei framtidfullmakt kan sjå ut. Dette er altså ikkje ein mal for utfylling. Det er opp til deg som fullmaktsgivar å bestemme kva framtidfullmakta skal innehalde. Dette eksempelet er derfor berre meint å vere ei hjelp til utfyllinga og tips til kva du bør ha tenkt gjennom. Du vert oppfordra til å gjere endringar slik at eksempelet vert tilpassa dine ønske og behov. Det kan også gjerast endringar utover dei punkta som er lista opp. Hugs berre at dokumentet må oppfylle dei formkrava som vert stilte til framtidfullmakter. Meir opplysningar om framtidfullmakter og kva formkrav som vert stilte finn du på [vergemal.no](http://vergemal.no).

Fullmakta skal tolkast i lys av dine ønske så langt det er råd. Ver merksam på at jo rundare du er i forma, jo meir er det rom for tolking. Er du meir konkret i fullmakta, er det mindre rom for tolking. Dette kan likevel gi utfordringar dersom livssituasjonen din endrar seg. Eit eksempel kan vere om du listar opp namn på barnebarn i staden for å skrive «alle mine barnebarn», då risikerer du at nye barnebarn som blir fødte seinare, ikkje er omfatta av fullmakta.

Det er ikkje nødvendig å bruke advokat for å opprette framtidfullmakt, men ein advokat kan hjelpe deg om du ønskjer det.

Framtidfullmakta skal ikkje sendast inn eller registrerast, men du bør oppbevare ho på ein trygg stad og informere relevante personar om kvar ho kan finnast.

I tillegg til framtidfullmakt, bør du tenkje gjennom om du ønskjer å fylle ut andre dokument som gjeld framtida di. Dette kan for eksempel vere testament, donorkort, «livstestament» etc.

## Fullmaktsgivar og fullmektig

Underteikna (namn på fullmaktsgivar) ..... f.nr. ....

gir med dette følgjande person(ar) fullmakt til i framtida å representere meg, og handle på mine vegner, dersom eg på grunn av sinnsleding, demens eller alvorleg svekka helse, ikkje lenger er i stand til å ta hand om mine egne interesser:

Fullmektig 1 namn ..... Adresse ..... f.nr.....

Fullmektig 2 namn ..... Adresse ..... f.nr.....

Dersom det vert oppgitt to fullmektigar:

Fullmektig 1 skal ta hand

.....  
.....

Fullmektig 2 skal ta hand om

.....  
.....

Fullmektigane skal ta hand om .....

..... i fellesskap.

### Endra forhold

Dersom min fullmektig blir forhindra, eller ikkje lenger er i stand til å ta hand om mine interesser i samsvar med denne fullmakta, skal .....f.nr..... kunne tre inn som ny fullmektig.

*OBS: Dersom fullmektigen er din sambuar/ektefelle, bør du presisere om han/ho skal halde fram som fullmektig om sambuarforholdet/ekteskapet vert avslutta. Du kan eventuelt skrive inn ein annan*

person som skal vere din erstatningsfullmektig, og at han eller ho skal tre inn dersom sambuarforholdet /ekteskapet vert avslutta.

### Iverksetjing av fullmakta

*OBS: Det vert ikkje stilt krav om legeerklæring for at fullmakta skal tre i kraft, men det kan vere fornuftig. Fullmaktsgivar kan derfor velje om det skal stå i fullmakta at legeerklæring skal innhentast.*

Fullmakta trer i kraft frå det tidspunkt

- det føreligg erklæring frå legen min på at eg ikkje kan ta hand om egne interesser. Fullmektigen har rett til å innhente legeerklæring om min helsetilstand, for å godtgjere at eg er ute av stand til å ta hand om interessene mine.
- eg ikkje lenger er i stand til å ta hand om mine interesser

Min fullmektig skal underrette meg og min ektefelle/sambuar, ev. ....  
(andre nære slektningar) om at fullmakta trer i kraft og om innhaldet i fullmakta.

Dersom min ektefelle eller sambuar ikkje lenger er i live skal  
..... underrettast.

### Fullmektigen sine generelle plikter

Fullmektigen skal blant anna:

- Handle i samsvar med fullmakta og fremje mine interesser og rettar
- Høyre meg, så langt det er råd, før vedkommande tek avgjerder
- .....

### Fullmektigen sine oppgåver

*Nedanfor følgjer eksempel på kva som kan vere fullmektigen sine oppgåver. Fullmaktsgivar tar berre med det han/ho ønskjer og lista er heller ikkje uttømmende, så meir kan leggest til.*

*OBS: Dersom det dreier seg om utdeling av store beløp i samband med gåver eller sal av fast eigedom, bør du tenkje gjennom forholdet til arvereglane og også til innhaldet i eit testament dersom du har skrive det.*

Ta hand om mine økonomiske interesser ved å

- Disponere mine bankkontoar
- Inngå avtalar om bruk av betalingstenester knytt til kontoane
- Betale mine utgifter
- Ha tilgang til bankboksar .....

- Ta hand om gjelda mi på følgjande måte:  
.....
- Ta hand om forsikringsavtalar på følgjande måte:  
.....
- Å sørge for gåver på følgjande måte:  
.....
- Gi gåver til mine barn (ev. namn) ..... ved jul og bursdagar på inntil kr..... og mine barnebarn (ev. namn) ..... ved jul og bursdagar på inntil kr ..... og søsken..... (ev. namn på andre gåvemottakarar) på inntil kr ..... så lenge økonomien min gir rom for det.  
  
Det skal alltid vere tilbake minimum kr ..... av mine likvide midlar
- Ved bryllaup/dåp/konfirmasjon og tilsvarande skal det givast gåver på følgjande måte:  
.....  
.....  
.....
- Selje min bustad med adresse ..... på det tidspunkt eg får fast sjukeheimplass, ev. anna tidspunkt.....
- Selje min fritidseigedom med adresse ..... på det tidspunkt .....
- Midlane frå salet av ....., etter at all mi gjeld er betalt, skal handterast på følgjande måte:  
.....  
.....
- .....(namn) skal givast høve til å overta fast eigedom til marknadspris
- Fordele lausøyregjenstandar eg ikkje kan nyttiggjere meg av på følgjande måte:  
.....  
.....
- .....
- Krevje buet skifta dersom eg sit i uskifta bu
- .....
- .....
- .....

Ta hand om mine personlege interesser ved å

- Sørge for at det vert søkt om dei tenester eg har krav på og behov for, og eventuelt klage på vedtak
- Sørge for sletting av mine profilar på sosiale medium .....
- Rydde opp i digitale tilgangar.....
- ..... skal vere min næraste pårørande og få rettar som nærstående etter helselovgivinga
- Så lenge eg er i helsemessig stand til det, ønskjer eg å gjere følgjande turar/reiser/kulturelle opplevingar  
.....  
.....
- Gjenstandar som skal bli med meg på sjukeheimen  
.....  
.....
- Kjæledyr skal takast hand om på følgjande måte  
.....  
.....

### Vederlag

- Min fullmektig har krav på å få dekkja sine utgifter av mine midlar og skal kvart år kunne rekne seg eit rimeleg vederlag for arbeidet som fullmektig, avgrensa til kr .....

### Rekneskapsplikt

*Fullmektigen har i utgangspunktet ikkje rekneskapsplikt eller plikt til å levere opplysningar om fullmaktsforholdet elles til nokon. Han eller ho har berre plikt til å oppbevare visse opplysningar i samsvar med verjemålslova § 85 tredje ledd andre punktum. Fullmaktsgivaren kan likevel bestemme at fullmektigen for eksempel skal levere opplysningar eller rekneskap til ein bestemt tredjeperson, jf. første ledd. Dette kan for eksempel vere ein revisor.*

- Fullmektigen skal ha opplysnings- eller årleg rekneskapsplikt overfor  
.....

### Fullmaktsgivars signatur

Stad ..... Dato .....

Signatur .....

### Vitne

Som tilkalla vitne stadfestar vi at denne framtidfullmakta vart underteikna av fullmaktsgivar i dag, medan vi begge var til stades samtidig.

Vi stadfestar at ..... vedkjente seg framtidfullmakta som sin vilje dersom han/ho i framtida ikkje kan ta hand om egne interesser.

Vi er ikkje fullmektigar etter fullmakta og heller ikkje ektefelle, sambuar, foreldre, barn eller barnebarn. Vi underskriv med dette etter fullmaktsgivars eige ønske, medan han/ho sjølv er til stades.

Dersom det er tvil om vilkåra for oppretting av fullmakta er oppfylt, kan det leggest fram legeerklæring før vitna underteiknar.

Stad: ..... dato: .....

(Vitne 1)

(Vitne 2)

Namn: .....

Namn: .....

Fødd: .....

Fødd: .....

Adresse .....

Adresse .....

Signatur .....

Signatur .....